

Ledige stillingar i Hjartdal kommune

Fagsjef - Drift og utbygging

Hjartdal kommune har ledig 100% stilling som fagsjef drift og utbygging. Arbeidsoppgåvene er i hovudsak knytt til veg, vatn/avløp og kommunale bygg og eigedomar. Men i ein liten kommune er oppgåvene allsidige og utfordrande, så andre oppgåver kan òg bli lagt til stillinga.

Stillinga har i dag leiaransvar for vaktmeistrar og driftsoperatørar. Stillinga har budsjettansvar for kommunaltekniske driftsoppgåver og utbyggingsprosjekt. Fagsjefen tek i vare kommunen sin solle i samband med offentlege kjøp av varer og tenester knytt til ansvarsområdet.

Stillinga inngår i vaktordning kvar femte helg.

Hjartdal kommune er inne i ein spanande periode med viktige prosjekt innan bustad- og næringsutvikling og vidareutvikling av infrastruktur og kommunale bygg. Den nye fagsjefen vil få ei sentral rolle i å bidra til vidareutvikling av Hjartdal kommune som ein framtidretta samfunnsaktør.

Vi søker ein fagsjef som ser mogelegheiter og tenkjer heilskapleg. Vi ønsker at du har erfaring frå prosjektleiing og økonomistyring. Kjennskap til kommunesektoren og det kommunaltekniske fagområdet er ønskjeleg. Søkjarar bør ha relevant høgare utdanning. Personlege eigenskapar vil bli vektlagt.

Vi kan tilby eit ungt og triveleg arbeidsmiljø i ein kommune med MOT til satse på framtida, samt løn etter avtale og svært gode pensjonsvilkår. Det blir trekt 2% av løna til kollektiv pensjonsordning i KLP.

Nærmare opplysningar om stillinga får du av rådmann Rune Engehult på tlf 95 98 00 59 eller organisasjonssjef Bengt Halvard Odden på tlf 92 48 96 20.

Søknad med CV sendast postmottak@hjartdal.kommune.no snarast.

